

Protokoll for oppmålingsforretning etter lov om eiendomsregistrering (Matrikkellova)

Journalnr
20172864

Oppdragsnr

Matrikkeletat				
Kommune	K.nr	Adresse	Postnr	Poststad
Meland kommune	1256	PB. 79	5906	Frekhaug

Matrikkeleining					
Gateadresse	Gnr	Bnr	Fnr	Snr	Registrert eigar/festar
Ådlandsvegen 1062	36	1	0	0	Boge Berit Karin (Hjemmelshaver)
Ådlandsvegen 1062	36	1	0	0	Boge Monrad (Hjemmelshaver)
Ådlandsvegen 1041	36	3	0	0	Odland Randi (Hjemmelshaver)

Om oppmålingsforretninga

Forretninga avvika:	Dato	Kl	Stad
	11.12.2017	10.00	På parsellen

<input type="checkbox"/> Grunneigedom	<input type="checkbox"/> Festegrunn	<input type="checkbox"/> Anleggseigedom	<input type="checkbox"/> Uteareal eigarseksjon
---------------------------------------	-------------------------------------	---	--

<input type="checkbox"/> Grensejustering	<input checked="" type="checkbox"/> Klarlegging av eksisterande grense	<input type="checkbox"/> Nymerking av eksisterande grense	<input type="checkbox"/> Registrering av ureg. jordsameige	<input type="checkbox"/> Matrikulering av umatrikulert grunn
<input type="checkbox"/> Arealoverføring	<input type="checkbox"/> Anna			

Forklaring
Klarlegging og merking av grensene for fellesplassen til 36/1 og 36/3 i Riplevika.

Saksbehandling	Løyvedato	Dato for fullstendig rekvisisjon	Pårekna dato for fullført matrikulering
Rekvirent Boge Berit Karin Boge Monrad Odland Randi			Rekvisjonsdato

Habilitet

Landmålararen sitt namn
Per Atle Sæle

<input type="checkbox"/> Landmålar orienterte partane om det låg føre forhold av personleg eller økonomisk art som kunne tilseia inhabilitet.
<input checked="" type="checkbox"/> Hadde nokon av partane merknader/innvending til gjennomføringa av forretninga? <input checked="" type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja (jfr. vedlegg)

Varsling og oppmøte

Varslet om oppmålingsforretning inneheld ei liste over dei personane som var varsla, deira partsstilling, varslingsdato og varslingsmåte. Under forretninga vart det oppmoda om å stadfesta sitt frammmøte ved underskrift på lista og framsyning av legitimasjon. (Jfr. vedlegg).

Ev. merknader til varslinga

Saksdokument - bakgrunn for forretninga

	Forklaring	Journalpost nr	Vedlegg nr	Urelevant
Søknad etter pbl				X
Vedtak (tillatelse) etter pbl				X
Rekvisisjon av oppmålingsforretning				X
Varsel om oppmålingsforretning				X
Situasjonskart og situasjonsplan				X
Konsesjonsdokument				X
Servitutt				X
Uttalelse/tillatelse fra andre myndigheter				X

Saksdokument - bakgrunn for forretninga				
	Forklaring	Journalpost nr	Vedlegg nr	Urelevant
Avtaler				X

Omtale av grenser, grensemerke, inngåtte avtaler, skiltsdom, påstandar frå partane m.m.

Pkt.nr	Type merke	Status	Punkt godkj. av partane	Partspåstandar (journalpost/ vedl.nr.)	Skiltsdom/forlik (journalpost/ vedl.nr.)
3601-1	Kors Nedsatt i: Fjell	Gjenfunnet og nymålt			
3601-2	Kors Nedsatt i: Fjell	Gjenfunnet og nymålt			
3601-3	Umerket Nedsatt i:				
3603-2	Umerket Nedsatt i:				
3603-3	Umerket Nedsatt i:				
3603-4	Annen detalj Nedsatt i:				
3603-5	Annen detalj Nedsatt i:				
3603-6	Annen detalj Nedsatt i:				

Oppsummering og fråsegn frå landmålar

Landmålar vurderer og gjev ev. kommentarar til: • løyve • rekvisisjonen • varsel om oppmålingsforretninga • førebuing av oppmålingsforretninga • oppmålingsforretninga • måle- og berekningsarbeid • fakturering • etablering/sletting av rettar • matrikulering • tinglysing • utsending av matrikkelbrev • klagerett og fristar

Meland kommune v/Harry Finseth har på vegne av eigarar av gnr 36 bnr 1 og bnr 3 rekvirert oppmålingsforretning med klarlegging og merking av grensene for fellesplassen i Riplevika.

Oppmålingsforretning vart halde 11.12.2017. Ved forretninga møtte Monrad Boge for 36/1, Randi Odland for 36/3, Harry Finseth for Meland kommune. I tillegg var også Egil Gripsgård og Marianne Odland tilstades. Eigarar av 56/13 var også varsla, men møtte ikkje.

Grensene for fellesplassen er skildra i utskiftinga til utmarka for Ådland nordre frå 1926: "Fællesplassen i Ripleviken begrenses ved en linje, der begynner i + i lodrett berg i nordøstre hjørne av br. 1`s nøsttomt, går Ø. til S. 13.2 m til + i berg, derfra S.V. til S. 14.1 m. til + i berg, derfra V.N.V. litt N. 12.5 m til + i sten i sydøstre hjørne av br. 3`s nøsttomt, derfra N.Ø. 5 m. til + i sten og derfra s.r. atter 5 m. til førstbeskrevene + i berg, hvor linjen ender."

I samband med legging av ny kommunal vannledning for nokre år sidan, vart den førstnevnte krossen sprengt vekk. Kross nr 2 i søraustre hjørne vart påvist(grensepunkt 3601-2). Kross nr 3 i sørvestre hjørne vart gravd fram under forretninga (grensepunkt 3601-1). Kross nr 4 og 5 vart ikkje funne. Kross nr 4 utgjør også grensa mellom gnr 56 bnr 13 og gnr 36 bnr 1.

Det vart også målt 13.4m langs vestsida av naustet til bnr 3 for om mogleg å finna ein kross i fjell i fjæra, men utan resultat. Monrad Boge og Randi Odland viste også til ei lita steinbryggje som dei meinte var felles for bnr 1 og 3. I etterkant av forretninga har Monrad Boge sendt inn utskrift av utskiftinga der det på side 19 står følgjande under punkt 5: "Bruk 1 og 3 i gården Ådland forbeholdes rett til på br. 2`s grunn i Sæbø ytre å anlegge brygge med fornøden båtlanding og fortøiningar på søndre sider av Ripleviken, ca. 35 m. vestenfor br. 3`s nøsttomt, eller på det sted, hvor det findes en del rester efter en gammel mur." Slik kommunen tolkar punkt 5 er dette ein bruksrett bnr 1 og 3 har på det som i dag tilhører gnr 56 bnr 13, og ikkje eigedomsrett.

Kommunen har i etterkant av forretninga rekonstruert det nordvestre og nordaustre hjørne av fellesplassen. Kommunen har lagt til grunn beskrivelsen som står i utskiftinga og som er gjengitt ovafor. Grensene for nausteparsellen til 36/3 er også konstruert og matrikkelført. Her er også brukt måla som er skildra i utskiftinga.

Monrad Boge fortalde at det tidlegare hadde stått eit naust som tilhørde 36/1 på austre delen av fellesplassen. Han synes det var rart at det i utskiftinga var tatt ut naust til bnr 1 ved sida av bnr 3 sitt naust. Dersom det vart bygd naust på den plassen, ville det hindra tilkomst til sjø frå fellesplassen. Det vart difor drøfta om det var mogleg å endra grensene til fellesplassen slik at den gjekk i 5m bredde på austsida av naustet til bnr 3, mot at bnr 1 hadde mulighet å setja opp naust på området der det gamle naustet hadde stått.

Ved ei eventuell grensejustering/makebyte er det berre mogleg å endra arealet inntil 20 %. Arealet på fellesplassen er oppmålt og utrekna til 146m², dvs at ein berre kan endra på 29 m². Dersom arealet på fellesplassen skal endrast meir, må det søkjast om arealoverføring.

Meland kommune har matrikkelført grensene for fellesplassen slik den vart gått opp på oppmålingsforretninga. Dersom eigar av gnr 36 bnr 1 ønskjer å byggja naust på den austre delen av fellesplassen kan det søkjast om arealoverføring/makebyte i samband med søknad om byggjeløyve for naust. Grensemerker mot 36/3 sitt naust vert sett ned etter nærare avtale med eigar av 36/1 og 36/3.

I samsvar med matrikkellova §46 og reglane i forvaltningslova kap IV - VI kan det klagast på utføringa av forretninga og på matrikkelføringa. Klagefristen er tre veker.


Sted

Frekhaug

Dato

19.01.2018

Underskrift



Vedlegg (saksdokument som kjem til under oppmålingsforretninga)				
Relevant	Dokumenttype	Forklaring	Journalpost nr.	Vedlegg nr.
	Partsliste			
	Beregningsdokumentasjon			
	Fullmakt			
	Avtaler			
	Hjemmelsdokument (matrikkelbrev, ekspropriasjonsvedtak, andelsbevis, tinglyst skjøte)			
	Arealregnskap			
	Begjæring/tillatelse til seksjonering/reseksjonering			
	Partspåstander			
	Forlik/voldgift			
	Kartvedlegg til protokoll			
	Kartvedlegg til protokoll			